


# Målprisen til Odda Trykkeri

Ivar Opedal fekk målprisen for 1995, avdi Odda Trykkeri marknadsfører seg på nynorsk.

— Nynorsk var eit naturleg val, men eg vart glad for prisen då HF ringte og fortalde meg om han, sa Opedal. — Det har vist seg at trykkeriet kan marknadsføra seg godt med bruk av nynorsk, sa han.

Sjølv om språket var i sentrum denne kvelden, viste Erlend Jordal at hardingane kan uttrykkja seg glitrande også på andre måtar. Fløytesolo av Sommerfeldt, og samspel med Geir Kalleberg på piano, gjorde sterkt inntrykk.

Få fekk med seg denne språkdebatten, men fånyttes var han ikkje. Dei som var der fekk påfyll og ny inspirasjon kring det nynorske språket. Konklusjonen må bli: Statsministerar kjem og går — nynorsken består!



*Ivar Opedal fekk målprisen for 1995 for si marknadsføring: «Sats på oss — det vil løna seg!» Prisen vart overrekt av leiar i Odda Mållag, Knut O. Dale.*